

Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsblad for alle sokna i Kvinnherad kommune

Påske 2024

Nr. 1 Årg. 3



God påske! Kristus er oppstått!

Møt nokre av våre ukrainske kvinnheringar på side 6.



Kyrkjekontoret i Kvinnherad

Klubbavikjo 9, 5451 Valen

Ekspedisjonstid: man-, tirs- og torsdag kl. 10.00 - 14.00



Kyrkjevevje

Torstein Aarhun

Mobil: 951 24 964

torstein.aarhun@kvinnherad.kommune.no



Dagleg leiar, kyrkjelydsarbeid

Jan-Ove Fagerheim

Mobil: 913 45 042

jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Kjersti Brakestad Boge

Mobil: 952 62 022

kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Kjetil Kringlebotten

Mobil: 413 06 667

kjetil.kringlebotten@kvinnherad.kommune.no



Kantor

Eva Megyesi

Mobil: 955 20 899

micacica@online.no



Einingsleiar i Trusopplæring

Kristine Hestad

Mobil: 971 95 370

kristine.hestad@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Alf Jarle Langeland

Mobil: 488 95 728

alf.jarle.langeland@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

Idar Bjørgen

Mobil: 488 95 732

idar.bjorgen@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Trond Inge Kvandal

Mobil: 916 67 069

trond.inge.kvandal@kvinnherad.kommune.no

Fungerer dessverre
ikkje med SMS
(tekstmelding).



Telefon: 90 53 19 10

post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kyrkja.no



Konsulent

Ingrid Sundal

Mobil: 907 76 149

ingrid.sundal@kvinnherad.kommune.no



Kontorsekretær

Ann Helen Collins

Mobil: 940 12 615

ann.helen.collins@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Carsten Mrusek

Mobil: 916 63 816

mrusek.carsten@gmail.com



Sokneprest

Åse Selsvold

Mobil: 456 05 184

ase.selsvold@kvinnherad.kommune.no



Organist

Rebekka Attramadal

Mobil: 411 06 952

rebekka.attramadal@gmail.com



Trusopplærar

Toril Langeland

Mobil: 909 58 898

toril.langeland@kvinnherad.kommune.no



Diakonimedarbeidar

Ingunn Koløy

Mobil: 476 22 519

ingunn.koloy@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Helge Furdal

Mobil: 995 12 585

helge.furdal@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

Johannes Solheim

Mobil: 976 10 810

johannes.solheim@knett.no

I tillegg til desse har me og nokre mindre stillingar
knytt opp til ei, eller nokre få, av kyrkjene våre.



Vil du gi ei gåve til bladet...?

VIPPS nr.: 537407

Bankgiro:

3208.27.67117

Redaksjonsnemnd for Kyrkjelydsbladet:
Rita Isdal Cunningham, Sjur Tjelmeland, Reidar Algerøy,
Kristian Bringedal og Airin Helene Zimmer

Redaktør og layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk og distribusjon: Grenda

Påske – til ein førstegongslyttar

av Marit Elisebet Høines Totland

«Det var ein gong ein mann som heitte Jesus». Slik kan forteljinga starta om me skal forklara påska til ein som aldri har høyrte om høgtida. Ikkje fordi det er eit eventyr, men fordi det faktisk var ein gong - historisk stadfesta.

Men denne karen, Jesus, var ikkje berre ein mann. Han var samstundes Guds son. Eit paradoks. Han blei fødd som ein vanlig baby og fekk si første kvile i matfatet til dyra i ein stall. Folket i landet venta på kongen som det stod om i den heilaga skrifta deira. Ein som mange trudde skulle fri dei frå romarane. No kom han. Ikkje til eit slott, men ein stall.

Jesus vaks opp i ein familie og hjelpte faren med snekkararbeidet. Men så begynte han å gjera utrulege ting, sjuke blei friske og folk undra seg over det han sa. Han snakka om Gud og Guds rike på eit anna vis enn dei religiøse leiarane. 12 menn følgde han etter kvart; for å læra av han og vera saman med denne underlege mannen.

Så kjem den gamle høgtida, påska. Og folk samlast i Jerusalem. Jesus drar også dit. Og han får kongeleg mottaking. For mange har høyrte om han. Og fordi dei har sett alt det gode han hadde gjort, ropar dei: Velsigna vere han, kongen, som kjem i Herrens namn!

Jesus sit ikkje på sin høge hest, men på eit esel. Og tar imot hyllesten.

Etter nokre dagar då Jesus snakka om kva som skulle henda framover, mest i gåter, blei nokre religiøse leiarar samde om å bli kvitt han. Han skapte uro. Så skulle det henda at ein av dei 12 som stod han aller nærast, skulle røpa kor han var då desse mennene leitte etter han. Mennene kom med sverd for å fanga han, men venen, Judas, viste dei kven han var ved å gi han eit kyss. Ein annan ven, Peter, påstod hardnakka at han aldri skulle svikta han. Men då det seinare røynde på, nekta han for at han kjende han.

Dei kalla han konge i hyllestropa. Men noko glitrande kongekruna fekk han ikkje. Det blei ei tornekrone. Han får dødsstraff, krossfesting, for å ha hevda å vera Guds son.

Det er eit justismord. Jesus hadde ikkje brote lova. Men det har eg. Eg har brote Guds lov. Og han døydde på krossen for å sona skulda for mine brot. Eit paradoks? Urimeleg? Uforståeleg? Ja, men til å tru. Ikkje til å fatta, men til å tru.

Men det enda ikkje med krossen. Jesus blei lagd i grava. Venene sørgde og gjekk dit. Men dei fann grava tom. Ingen hadde tatt han vekk derfrå. Han var stått opp att. Han levde. Og mange fekk møta han igjen.

Død, men levande. Enda eit paradoks. Og han skulle vera førstegrøda, den første som dette skulle skje med. Etterpå skulle det same henda fleire: *For så høgt har Gud elska verda, at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.* (Joh.3,16). Liv - død - liv, som sommarfuglen si forvandling frå åme til tørt hylster til den vakraste skapning.

Påska, berre paradoks? Ja, men samstundes kjernen i den kristne trua. Jesus, død og oppstanden - for oss. Til å undra seg over og takka for i tru, stødige eller vaklande, i den påska som me feirer no, 2000 år etter hyllestropa, krossfestinga og oppstoda.

Les meir: Lukas evangeliet, 19.28 – 24.53.



Salmekveld med lovsong

To gonger i året, vår og haust, er det salmekveld i Uskedal kyrkje. Soknerådet, saman med kantor Eva Megyesi, skipar til. Den siste salmekvelden samla meir folk enn det som er vanleg. Lovsongsgruppa i Zoar på Halsnøy var gjester, i tillegg til kyrkjekvartetten ÆRE.

Kva er ein salme og kva er ein lovsong, spør du. Ein salme er ein melodi og ein tekst. Det er teksten meir enn melodien som avgjer om ein tekst eller eit dikt skal vera med i salmeboka. Teksten må ha eit teologisk innhald. I den nye salmeboka er det tett på 900 salmar, eit rikt utval med bakgrunn i ulike tidsperiodar, ulike land og nasjonar og ulike tema. Det var særleg etter reformasjonen at salmane fekk ein fast plass i gudstenesta. Det har direkte samband med at salmediktinga var på morsmålet, ikkje på latin. Dermed fekk almu- gen tilgang til å kunne bruka salmane.

I innleiinga til salmekvelden i Uskedalen svara Otto Benjaminson på spørsmålet: Kva er lovsong. Lovsong er ikkje ein musikkstil, men ei bøn i musikalsk form. Det er ein songtradisjon der respekten og kjærleiken til Jesus og Gud finn si musikalske form. I Bibelen finn vi mange formuleringar om lovsong, alt frå Mosebøkene og Salmane i GT til Paulus sine brev og ikkje minst i Johannes Openberring, alt dette i NT. Grunntonen er å gle seg, jubla og gje ære.

Eit fast innslag på salmekveldane i Uskedalen er det vi kallar Salmeynskje. Eit titals personar melder inn sine samleynskje. Det kan vera ein kjend og kjær salme ein vil løfta fram og ha fokus på. Mange tek fram ein salme frå oppveksten og tida i skulen eller frå Sundagsskulen. Nokre salmar er forma som ei bøn, ofte brukt som ei kveldsbøn. Døme: 2. verset på nr. 821 - No soli bakom blåe fjell. Verset er brukt som ei bøn utan at vi veit at teksten er henta frå ein salme.

Kvartetten ÆRE med Aslaug Hellesøy, Svein Rimstad, Kristian Bringedal og Eva Megyesi syng salmar og liturgi. Musikalsk leiar er kantoren Eva.

Tekst/foto: Kristian Bringedal



Oppstart av Gospelkor i Kvinnherad



Tirsdag 5. mars var det oppstart av Gospelkor i Kvinnherad. Husnes og Holmedal sokneråd inviterte og mellom 30 og 40 songarar møtte opp. Det var god stemning og me gler oss til fortsettjninga.

Vil du vera med? Koret har øvingar i Valen kyrkje annakvar tirsdag, partal, kl. 19.00-21.30.

Følg QR-koden visst du vil sjå video frå første øving.



Edvard Masoni

Foredrag i Åkra kyrkje

Våren 1930 døydde ein mann ved namn Edvard Masoni i Åkra, og heile bygda møtte opp i gravferda. Masoni hadde ingen slektningar i Åkra, men han hadde budd i bygda den siste tida han levde, lengst hos Johanna og Torger Øvstebø i Bakkane.

Masoni var ein svært særprega mann som det var umogleg å vera likegyldig til for dei som hadde møtt han. Dessutan hadde han vore misjonær, og misjonsinteressa i Åkra var stor på den tida.


Livshistoria hans før Åkra er svært uvanleg, bortimot utruleg. Han var fødd i Rana på Helgeland i 1870 og voks opp i ei husmannsgrend i utmarka nord for Mo. Foreldra hans var svært fattige.

Edvard Masoni voks opp med samisk som mormål, og seinare i livet skulle han kjempe hardt for rettar for samefolket og for samisk språk.

Trass i fattigdommen, reiste han til Stavanger og utdanna seg til misjonær. Han reiste så til Kina og var der som misjonær for Kinamisjonsforbundet under boksaropprøret. Han var den einaste norske misjonæren som ikkje reiste heim til Noreg under det anti-vestlege opprøret.

I 1902 braut han med Kina-misjonsforbundet. Han reiste så til USA og utdanna seg til lege for deretter å reise attende til Kina som frimisjonar, uavhengig av alle organisasjonar. No kom han til Kina då keisardømmet fall, og han skulle livnære seg som lege. Han vart i Kina fram til slutten av 1920-talet, då kom han til Åkra.

Masoni var ein modig mann med mange meiningar og synspunkt som vi ikkje ventar oss av ein misjonær som var fødd i 1870, og han var eit kjent namn i si samtid. Sidan vart han gløymd – bortsett frå i Åkra der bygdefolket reiste ein gravstein som står på kyrkjegarden der den dag i dag.



I fjor kom det ut ein biografi om Edvard Masoni skriven av Jon Todal og Lovisa Mienna Sjøberg.

1. pinsedag
Høgtidsgudsteneste
Åkra kyrkje kl. 14.00
Kyrkjekaffi

Etter gudstenesta vil Jon Todal fortelja meir om Edvard Masoni.



Påske i nytt land

I vår verd må nokon forlata hus og heim og starta kvardagen på ein ny stad. Diakonimedarbeidar Ingunn og underteikna møter Antonina og Nataliia for å snakka om påsketradisjonar frå heimlandet Ukraina. Yevhen var med som tolk. Vi møttest i Husnes kyrkje og hadde ein kjekk og livleg prat både om musikk og ein del om kva jobbar dei hadde heime i Ukraina og ikkje minst om påske.

Tradisjonane sit sterkt i folk i Ukraina. Ikkje som i Noreg, ler Nataliia, med appelsin og påskekrim. Men vi bakar påske-kake med rosiner og melis på toppen. Antonina bryt inn, jau, vi et appelsin. Yevhen er ikkje enig, men kanskje mandarin. Ja, det kjem fram at når det gjeld mat, så er tradisjonane ulike rundt om i landet.

Men det skal alltid vera mykje og variert mat på bordet i påsken. Og så maler vi påskeegg. Det finnes to typar; Krashanki, som er hardkokte egg som blir malt i éin farge og seinare brukt til mat. Pysanky er rå egg som blir malt og dekorert. Det er tradisjonelle mønster som er ulike frå landsdel til landsdel. Det er litt vanskelege mønster, men Yevhen meiner dei fleste kjøper ferdig dekor og limer rundt egget. Det er ikkje så vanskeleg, flirer han. Den viktigaste tradisjonen, er å vera saman.

Ungdomane og andre som er bortreist på skule eller arbeid, kjem heim, for å feire påske saman med familien.

Hovudbodskapen for påsken er at Jesus døydde og stod opp for oss. Nesten alle går til kyrkja i påsken. Dette er ein plass å møte vener og helsa på kjenningar som er heime på ferie. Presten går rundt kyrkja med vievann og velsignar folka.

Frå skjærtorsdag til påskeafta er tradisjonen at prestane går i svarte klede. Påskemorgon kler dei seg i kvitt og gull. Det er små variasjonar i dei ulike kyrkje-samfunna. Dei vaksne helsar kvarandre med å seia «Kristus er oppstått» tre gonger og kysser kvarandre tre gonger på kinnet. Så går dei heim og et festmåltid. Før påske et vi ikkje noko kjøt eller egg, men påskedag er det gjerne forskjellig kjøt på bordet.

For nokon er det svinekjøtt og andre har lam eller kalkun som hovudrett.

Ei veke etter påske samlast nesten alle på gravplassane og minnes sine døde. Då legg dei godteri og dei fine dekorerte påskeegg på gravene. Barna har det moro med å gå rundt og samla godsaker. Denne dagen lukar dei og klypper graset og vaskar gravminna og pyntar med blomar. Dette er også ein viktig tradisjon som alle er med på.

Antonina, Nataliia og Yevchen helsar alle «GOD PÅSKE! KRISTUS ER OPPSTÅTT!»

Airin Zimmer



Antonina Budovska er 66 år, musikar frå Japorizhye. Ho kom til Noreg i oktober, og Husnes i slutten av november 2023.

Nataliia Lieskova er 53 år og lærar. Ho kjem frå Kiev og har vore i Noreg i nesten 2 år.

Yevhen Auritov er 44 år og var Hms ingeniør i heimlandet. Han kom til Noreg for eit halvt år sidan og er frå Mariopol.



Halvor Medhus

- om påsken og prestetenesta
i sokna Husnes, Valen og Holmedal.

Vi møter tidlegare sokneprest, Halvor Medhus, på Rosendalstunet. Halvor er 86 år og kan sjå tilbake på mange innholdsrike år som sokneprest i det som var Husnes prestegjeld.

Påske, saman med pinse og jula, var eit av høgdepunkta i kyrkjeåret. Det var ei travel tid med mange gudstenester og møte. Det gjekk i eitt frå palme-helga til høgtidsgudstenesta 1. påskedag. Halvor var ikkje med på friluftsgudstenester i fjellet. Det var noko res.kap Olav Seim starta med før hans tid.

Halvor Medhus har mange minne frå prestetenesta si. Han er fødd i Jostedalen der far hans, Svein Medhus, var prest før han vart utnemnd til sokneprest i Kvinnherad sommaren 1952. Alle i syskenflokken hans på fem lever. Dei siste åra har Halvor vore fast beburar på avdelingen Solfjell på Rosendalstunet. Her har han det godt, les lokalvisa, møter og snakkar med mange

kvar dag. Alle vil snakka med «gamlepresten» og sjølv om helsa sviktar, har han eit godt minne, særleg om det som ligg litt tilbake i tid. Annankvar tysdag er Halvor fast gjest på Syng med oss. Andaktane i kapellet er eit anna fast innslag.

Halvor gler seg over alt det nye som skjer i kyrkja i dag, påskevandringar og konsertar. Det var mindre av det i hans tid. Av klokkekarane minnest han særleg Trygve Teigen, ein mann med ordet i si makt. Presten las tekstane, men frivillige hjelpte til med andre gjeremål. Ei presteteneste fører til eit stort nettverk. Halvor har vore innom mange heimar i sorg og glede. Det kunne vera krevjande mange gonger då han måtte gå med syrgjebodskapen.

Gudstenestene på Valen sjukehus kunne vera spesielle. Før velferdsbygget med kapell var på plass var alle gudstenestene på ein sal i eit av dei gamle bygga. Han var også rundt på avdelingane og hadde møte. Mange av brukarane var langtidspasientar, menneske han møtte igjen over mange år.

Eg (*journalisten red.merk.*) kjem til å sei at eg skal skriva Ord for helga til avisene for 4. søndag i påsketida. Teksten er henta frå Johannes 13, 30 – 35. Då kjem det kjapt frå Halvor. - Ja, det som handlar om Jesu avskjedstale og Eit nytt bod gjev eg dykk. «...Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elska kvarandre...»

Halvor helsar alle God påske.

Kristian Bringedal

Om rettferd og det vonde

- ein samtale med soknepresten

Det er krig i Europa og fleire andre stader i verda. Tusenvis av menneske er drepne og skadde. Mange fleire lir vondt, dei har fått hus og heim øydelagde, og mange manglar mat og anna som trengst for å overleva. I vårt land er òg mange ramma av noko som gjer vondt; sjukdom, fattigdom, einsemd og fiendskap mellom menneske.

Kyrkja trur på ein kjærleg og rettferdig Gud. Påska er ei historie om liding. Kvar er rettferda midt i alt det vonde i verda? Kyrkjelydsbladet har snakka med sokneprest Kjersti Brakestad Boge om det vonde i verda.

- Det er lett å tenkja som så, at det vonde som ramar oss, er ein konsekvens av at vi ikkje har meistra å gjera det gode, seier Kjersti Brakestad Boge. Vi har lett for å klandra oss sjølve for det vonde som hender og leita etter skuld hos oss sjølve eller andre.

Vår erfaring er at vondskapen er til stades i naturen og i menneska. Krigen i Ukraina har gitt det vonde eit ansikt, som gjer det lettare å snakka om vondskap. Det finst menneske som set i gang krig, utan at dei er undertrykte.

- Kva er vondskap?

- Vi kan seia det er liding, det vonde som menneske må tola og halda ut. Det er ofte definert som vonde handlingar som nokre menneske gjer bevisst eller utan at dei eigentleg vil det, men vondskapen er likevel ein konsekvens av deira handlingar. Naturkatastrofar kan og opplevast som vondskap, men det er noko som ingen kan skuldast for. Kyrkja har i alle år definert vondskap ut frå at det finst ei vond makt i verda, som vi tradisjonelt kallar djevelen. Det står lite om djevelen i Bibelen. Bibelen forkynner fyrst og fremst Jesu evangelium, som er den glade budskapet for dei som trur. Bibelen er noko uklar i omtalen av det vonde. Bibelen er skriven i si tid og er farga av det. Det Bibelen t.d. omtalar som vonde ånder, kan vi i dag i dei fleste tilfelle forstå som psykisk sjukdom.

- Det gamle testamentet talar om arvesynda, at vi er fødde med synd, at menneske må svara for synder som forfedrane gjorde for fleire generasjonar sidan. I luthersk tradisjon er det vonde noko som alle menneske ber i seg; vi er ofte freista til å gjera det vonde. Det vonde er ein del av alle menneske sitt liv. Vi må arbeida med å halda ut og forsaka, det vil seia å ikkje falla for freistingar, men heller velja det gode. I kvardagslivet vil det ofte bety at vi må leggja vekk noko vi gjerne ville ha eller vera med på, for at andre skal få det betre. Vi må altså ikkje vera egoistiske og berre tenkja på oss sjølve.

- Er det då slik at vondskapen finst i alle menneske?

- Ja, det er ein kamp vi alle lever i, i større og mindre grad. Vi treng hjelp frå Gud til å velja det gode framfor det vonde.

- Den strenge Gud vi møter i Mose-bøkene, er det vår Gud? Jesus avviser ikkje Det gamle testamentet, men set det i eit nytt lys. Jesus seier at mennesket ikkje er til for Sabbaten, men Sabbaten er til for mennesket. Han snur òg opp ned på mange andre reglar, som vart tolka og praktiserte svært strengt ifølgje Det gamle testamentet. Når vi les og tolkar Det gamle testamentet, må vi alltid ha Jesus i tankane. Jesus oppheva t.d. grensene mellom dei ulike folkeslaga og mellom menneske, mellom menn og kvinner. Alle menneske er like mykje verde.

Vi ser i dag annleis på dei homofile enn det som var tilfelle for nokre generasjonar sidan. Vi må alltid tenkja som så, kva ville Jesus gjort? Vi skal ikkje halda fram alt som står i Det gamle

testamentet som eit ideal, og Jesus oppheva nokre av dei gamle «forskriftene».

Det er ikkje lett å lesa Bibelen ordrett og skjønna kva det tydde når det vart skrivne ned. Vi må lesa med menneskekjærleik. Alt i Bibelen må lesast med kjærleik.

- Gudstenesta vår tek til med at presten seier Kyrie eleison, som tyder Herre, hjelp meg! Vis meg nåde! Det er ord som ifølgje Bibelen vart ropt etter Jesus. Vi treng nåde i livet vårt, og vi treng kjærleik for å lesa bibeltekstane rett.

- Det heiter at Gud er allmektig?

- Gud elsker alle menneske. Stundom kan vi oppleve at det er kollisjon mellom den allmektige i Bibelen og kjærleikstanken. I Det gamle testamentet er det tydeleg at Gud let det vonde skje, både med gode og vonde menneske, og både med dei som trur og dei som ikkje trur. Her er det noko eg ikkje skjønner omkring Guds forhold til vondskapen. I Jobs bok let Gud det vonde skje fordi han vil testa Job, og det er ein engel, anklagaren, som utfører prøvingane. Spørsmålet er kvifor let Gud denne engelen halda på? Er det han vi kallar djevelen? Er djevelen ei sjølvstendig makt, eller er han ein som Gud styrer? I den gamle versjonen av Fadervår bad vi: «Før oss ikkje ut i freisting.» Som om Gud er den som freistar oss til det vonde. I det nye Vår Far bed vi: «Og lat oss ikkje koma i freisting.» Det stemmer også betre med den greske grunnteksten. I det nye Vår Far er Gud den som hjelper oss i freistingane.

- Som kristen må eg halda meg til Jesus og Jesus på krossen. Vi trur at han då gjorde opp for

syndene våre. Når vi ser så mykje openberr vondskap, så skal vi vita at det ein dag skal koma ein dom, eit oppgjær med det vonde. Vondskapen skal ta slutt ein dag. Den prosessen tok til med Jesu oppstode. Skaparverkets oppstode frå det vonde er endå ikkje fullført. Men Gud er i skaparverket, og frelsa veks fram.

Vi trur at den oppstadne Kristus er til stades i vår menneskelege liding. Mi oppgåve som prest er å forkynna om frelsa også i møte med lidinga og livet. Det er for lett vint å seia at dersom dei sjuke trur sterkt nok, så vert dei friske. Det skjer, men det er sjeldan at nokon som er sjuke blir helbreda ved bøn. Det har skjedd, men det er ikkje regelen.

Men vi ser mang ein gong at dei som trudde dei ikkje greidde meir motgang, at dei reiser seg igjen, og at dei likevel orka livet etterpå.

- Hjelper det å be når vi har det vondt?

- Ja, det meiner eg absolutt. Det kan henda at fleire av oss har fått bønesvar utan at vi la merke til det. Det ligg ei kraft i å vita at Gud er nær, at han er med oss. Med bøna følgjer det ein fred og ei ro, også når livet er vanskeleg. Bøna gir oss kraft til å stå gjennom det vanskelege. Gud er der, akkurat som han er hos Jesus.

Gud sende sonen sin, og han vart også utsett for det vonde i verda. Jesus kom ikkje for å slå ned alt det vonde, men for å frelsa oss i ei vond verd. Han lærte oss forsoning og tilgjeving, det treng vi menneske i dag, på tvers av folkeslag verda rundt. Vegen til fred går ikkje gjennom hemn eller å slå i hel, men gjennom tilgjeving og forsoning. Frelsa kjem til oss gjennom Jesu liding, vår frelse går gjennom å bli sameina med Jesus Kristus.

Dei fyrste kristne såg si liding i kristenforfylgjingane som å sameinast med Kristi liding, å vera Kristus lik. Det gjev mening til lidinga om vi tolkar vår eiga liding slik.

Så er det ganske tøft når det står på. Jesus ropa også ut på krossen: «Eloi, Eloi, lama sabaktani,» som tyder «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg!» Det er lov å klaga til Gud. Klagesongane har ei eiga bok i Bibelen.

Historia og vår tid er på mange måtar farga av vondskap mellom menneske. Men Gud er alle sin skapar og Far. Alle menneske er like mykje verde, korkje nasjonalitet, kjønn eller alder betyr noko. Berre gjennom forsoning og tilgjeving kan vi finna ein annan veg – og det er Jesu veg.

Sjur Tjelmeland



1000 – årsjubileum for Kristenretten

Av Svein Arne Theodorsen - Prost i Sunnhordland prosti, Bjørgvin bispedøme

Riksjubileum med fokus på verdier
I år feirar vi 1000 – årsjubileum for Kristenretten. Eg vil her gjere greie for den historiske grunngevinga for jubileet, profilen vi har valt samt syna til jubileumsfeiringa. Det er etablert ein organisasjon for jubileet med fleire komitear og eit styre. Eg er styremedlem i Moster 2024 AS og leiår Temafagleg komité.

Grunngjeving for jubileet

I 2010 tok styret i Moster Amfi – og Kyrkjehistoriske Senter AS til med arbeidet med det faglege grunnlaget for eit jubileum for Kristenretten. Til grunn for dette arbeidet låg feiringa i 1924 av 900 – årsjubileet for Kristenretten - med kong Haakon den 7. og om lag 8000 til stade på Moster. Historia om Kristenretten vert fortalt i den religionshistoriske utstillinga som vart etablert i 1995 i Moster Amfi i samband med «Kyrkja i Noreg 1000 år.» Det historiske skodespelet «Kristkongane på Moster» av Johannes Heggland med urpremiere i 1984 har og ein del som handlar om Kristenretten som Olav Haraldsson og biskop Grimkjell fekk vedteke på Moster.

Profesjonsutsegn

I arbeidet med grunngevinga for jubileet innhenta vi faglege uttalar frå fagpersonar med ulike fagbakgrunn. Uttalane er tilgjengelege her: <https://moster2024.no/>

Her er m.a. uttalar frå historikarar, religionshistorikarar, kyrkjehistorikarar og juristar med kompetanse innan rettshistorie. Desse uttalane gav tydeleg støtte til å arbeide med eit 1000 – årsjubileum.

Religionshistorikar Gro Steinsland (som var fagleg ressurs for den religionshistoriske utstillinga som vart etablert i 1995) seier: «*På Moster ble kristendommen proklamert som eneste tillatte religion i landet, og her ble de grunnleggende reglene for rett kristenliv fastsatt i lovs form. Kristningsvedtaket har vært en så skjellsettende begivenhet at man regnet ny tid etter det.*»

Professor dr. juris Ola Mestad konkluderer slik: «*Moster i 1024 var dermed eit viktig steg i bygginga av den sentrale samfunnsinstitusjonen som kyrkja blei og i å innføre like reglar i heile landet, som var med å forme nordmenn for hundrevis av år framover.*»

Historikar Torgeir Landro er den som har skreve den nyaste avhandlinga der kristenretten er tema. Landro stiller spørsmål om når ulike ledd i Kristenretten vart vedteken og ser for seg at enkelte ledd kan ha blitt vedteken seinare. Han konkluderer likevel slik: «*Flyttar ein derimot fokuset mot langtidsverknadane av Mostertinget, er det ikkje urimeleg å forstå Mostertinget som startskottet for ei gjennomgripande samfunnsomforming.*»

Jørn Øyrehagen Sunde, professor i rettshistorie, konkluderer slik: «*Opp-lesinga av Kristenretten på Moster endra Noreg for all tid.*» Sunde set og Kristenretten inn i ein rettshistorisk samanheng: «*Kristenretten som kong Olav Haraldsson Den heilage fekk vedtatt på Moster var difor eit viktig steg frå kristning av personar og mindre samfunnseiningar, til kristninga av heile samfunnet. Med kong Magnus Håkonsson Lagabøter si Landslov av 1275, 250 år seinare, kan ein seia at prosessen som tok til på Moster vart fullført.*»

Allment riksjubileum

Styret arbeida for eit allment riksjubileum. Kristenretten omhandlar mange forhold som har med kyrkjelege forhold å gjere, ein kan dermed med rette omtala den som den fyrste kyrkjeretten. Dette kunne føre til tanken om 1000 – års jubileet som eit kyrkjejubileum. Profilen på 900 – årsjubileet i 1924 som Peter Hognestad, biskopen i Bjørgvin, tok initiativet til, går i same retning. Samtidig syner profesjonsutsegna den større samanhengen og fylgjene som Kristenretten fekk. Vi konkluderte med eit allment riksjubileum med fokus på verdier i lovverk og samfunn.

Sentrale mynde

I 2016 vart planane om eit 1000 – årsjubileum introduserte for Storting og Regjering, samtidig vart og Slottet informert og vart ynskja velkomen til jubileet. Tilbakemeldingane på ideen om eit allment riksjubileum med fokus på verdier i lovverk og samfunn var heile vegen positive.

Norge i 1000 år

Planane for jubileet er regelmessig informert om i møte med andre jubileumsaktørar som arbeidar med 1000 – års jubileet.

Profil på jubileet

I arbeidet med jubileet har vi ynskja å legge vekt på både det som hendte i historia samtidig som vi ser etter ei aktuell side ved jubileet.

Styret for Moster 2024 har konkludert slik: «*Feire fortid – forme framtid.*» Målet er at alt som skjer bygger opp om denne profilen.

Tittelen på det fyrste Moster 2024 – seminaret, i 2016: «*Frå Sinai til Siggjo (namnet på det høgaste fjellet på Bømlo)*» signaliserer kor verdiane kjem i frå. Jørn Øyrehagen Sunde peiker på samanhengen med angel-saksisk rettstradisjon og syner til biskopane som kongen hadde med seg frå England.

Vi har og hatt tema om Olav Haraldsson som lovgjevar. I denne samanhengen har vi og sett på kva Olav Haraldsson fekk med seg frå då han var i Rouen i Frankrike i 1014. Ein interessant artikkel her er: «*Hva snakket de om på kveldene? Dannelsesreisen som endret Norge?*» av Bjørn Are Davidsen, Oslo Januar 2023.

Forme framtid

Kva for verdier vil vi leggje vekt på i 2024 og framover? Korleis kan vi samla oss om berande verdier i eit demokratisk, livssynsøpe samfunn som vårt?

Dette har vi og arbeida med på Moster 2024 – seminara. Som eksempel kan vi nemne at Ola Mestad gav ei innføring i den nye § 2 i grunnlova og utfordra til å arbeida med kva som ligg i desse formuleringane. Dette var m.a. tema på seminar og møter i Oslo i starten av februar.

Vi har og arrangert Mosterseminaret Ung, der vi har arbeidd med ulike utfordringar som unge i dag møter og kor og korleis vi kan finna hjelp til å takla dei.

I samband med jubileet har Moster 2024 særleg løfta fram verdiane: fridom, rettsvern og likeverdr.

«Opplesinga av Kristenretten på Moster endra Noreg for all tid.»

Professor Jørn Øyrehagen Sunde, Det juridiske fakultet, UiO.

Jubileumsfeiring

Jubileumsveke 29.05 – 02.06

I månedsskiftet mai – juni vert det stor feiring på Moster.

Sjå <https://mosteramfi.no/>

Programmet er tilgjengeleg her:

<https://moster2024.no/jubileumsveka>



Feire fortid – forme framtid!

Vi ser fram til ei stor og viktig jubileumsfeiring på Moster. Samtidig er vi opptekne av at vårt fokus: «Feire fortid – forme framtid» vert løfta fram lokalt slik at det stimulerer til gode verdisamtalar.



2024

Temakveld

Kvinnherad kyrkje

Frå Kristenretten på Moster 1024
til Landslova av 1274

Jørn Øyrehagen Sunde



Temakveld med Jørn Øyrehagen Sunde

Fredag 24. mai kl. 18.00 vert det Temakveld i Kvinnherad kyrkje: «Frå Kristenretten på Moster 1024 til Landslova av 1274.»
Undertittelen på Temakvelden er: Religion, politikk, lov og byrjinga på den norske staten.

Kristenretten på Moster frå 1024 gjorde kristne verdjar til fundamentet for folk sin kvardag og handlemåtar. Kristenretten på Moster var like viktig gjennom korleis den på 1200-talet vart forstått som byrjinga på den norske lovgevingstradisjonen og det norske kongedøme. Men aller viktigast var kanskje kristenretten på Moster for at det med Landslova av 1274 vart etablert eit styringssystem der konge og bøndene på tinget saman utforma politikk og lover. Ut mellomalderen vart dette forstått som ein grunnleggjande kontrakt mellom konge og innbyggjarar, og sjølve essensen i det å vera innbyggjar i det norske riket vart å vera underlagt Sankt Olavs lov og rett.

Arr.: Kvinnherad sokneråd

Påskekonserter i VARALDSØY kyrkje

Tirsdag 26. mars kl. 18.00

Bratsjisten Corneliu-Dinu Serfezi frå Sverige og kantor i Kvinnherad, Eva Megyesi, på orgel og piano.



Langfredagssamling i HUSNES kyrkje

Langfredag 29. mars kl. 19.00

Den tradisjonelle samlinga der påska sin bodskap vert formidla gjennom song, musikk, dikt, bibeltekstar og bilete på storskjerm

Liv Slettemark, opplesing - Reidar Algerøy, orgel - Rachel Erlingsson, song
Leif Kongestøl, song - Lovsangsgruppe frå bedehuset Zoar på Halsnøy, song
Hallgjerd Hegland, opplesing og song - Rebekka Attramadal, orgel

Påskevandring med barnehagane

I vekene før påske har me i ein god del år invitert dei eldste årskulla i barnehagane til kyrkja for å delta på påskevandring.

Born og vaksne møter i hovud-inngangen til kyrkja. Me ynskjer velkommen og pratar litt om at mange av borna like før jul var med på julevandring i kyrkja. Me er innom ein post der me ser krybba som Jesus-babyen låg i, skrina til dei tre vise menn m.m. Men no handlar det om at Jesus ikkje var baby heile livet sitt, han voks og vart ein vaksen mann.

Vidare får me høyra frå Bibelen om Sakkeus som fekk livet totalt forandra i møte med Jesus. Så er det den siste påske-veka til Jesus det handlar om. Borna stiller seg i to rekker og veiftar med "palme-reiner". Det er palmesøndag.

Turen går innom påskemåltidet og det at Jesus vaska læresveinane sine føter. Han tok på seg den oppgåva som tenarane egentleg hadde.

Me går vidare bort til eit lite bord med eit tent lys. Her får me høyra opplest frå Bibelen om at Jesus måtte dø. Lyset blir sløkt og me byrjar å spele trist musikk. Plutseleg skiftar musikken karaktér; Musikken blir gladare og lettare.

På denne måten får me fram at det slutta ikkje så trist med Jesus. Bibelen fortel at tredje dagen stod han opp frå dei døde og at han lever idag! Me samlar oss rundt

altarringen, tar bort eit svart teppe og pyntar altaret til gledesfest! "Maria Magdalena" kjem og fortel om gleda og jubelen dei opplevde påskedag.

Det er utruleg flott å få vera med på desse ulike vandringane me får ha med barnehage-born! Dei er så nysgjerrige og engasjerte. Dei føl så godt med på det som vert fortalt.

Me har lyst å seie takk for besøket til alle dåke me har fått vore på vandring med! Håpar me også neste år kan få til både jule- og påskevandringar!



Born frå Myrane barnehage i Husnes kyrkje



Born frå Espira Halsnøy Kloster i Eid kyrkje

MaMa Children Center og Norway

- Husnes og Holmedal sokneråd sitt misjonsprosjekt

Husnes og Holmedal sokneråd har eit misjonsprosjekt saman med MaMa Children Center of Norway. Avtalen vart forlenga av det nye soknerådet i overgangen 23/24. Frå 17. januar - 6. mars har Grete og Ove Tvedt hatt eit opphald på senteret. Eg vil gjerne dela litt av det me har opplevd her i denne tida.

MaMa har ein barneheimen med 39 barn, 19 gutar og 19 jenter. I tillegg bur det også 13 eldre damer i dei samme bygningane. Det er for det meste der me har vore. I tillegg blir det ein gong i veka arrangert bibelundervisning i to fengsel. Der melder innsette som ynskjer bibelundervisning seg på. Det er heilt spesielt å få vera med på desse besøka.



Lovsang i fengsel er gripande og løfterikt.

Kvar veke har me eit "feeding program" i to fattigsamfunn. Då får barna eit næringsrikt måltid. Sosialarbeidaren frå MaMa er med og fangar opp dei som har spesielle vanskar og behov.



"Spisesal" i ein parkert trycycle.

Ein gong i månaden blir det og delt ut skulestipend til i alt 200 elevar frå grunnskule til college. Då eg var med fekk 35 elevar stipend. 500 pesos rekk til skoleskys, litt mat og uniform for ein mnd.



Utdeling av stipend der mødre, eller andre føresette, skriv under på at dei har teke imot pengane.

MaMa har eiga givarteneste for dette viktige og framtidsretta tiltaket. Det er undertekna, Ove Tvedt, som har ansvar for det. Ta gjerne kontakt om du vil vera med.

Denne gongen har det meste av tida gått med til å renovera eit gutteinternat, Boys Home. Det er organisasjonen Build Aid som har sponsa MaMa med dette. Boys Home vart svært flott spesielt fordi møblar og teppe i daglegstova er gåve frå den norske ambassaden i Manila. Denne var flytta til Bangkok og møblane vart til overs.



Boys Home med nye møblar og teppe.

Til slutt vil eg presentera to av våre ungdommar som no er flytta ut og bur for seg sjølv.



Bernadette Manforte 30 år og Willy Bhoy Capili 28 år.

Dei kom til MaMa då dei var 9 og 12 år. Begge starta skulegangen etter at dei kom til MaMa. Slik vart det til at begge var store førsteklassingar. Dei fulførte 6 år i grunnskulen, fire år på High school og så fire år for Bernadette og to år for Willy Bhoy på college. Dei var begge seint ferdige med utdanninga si. No leigar dei husrom og har faste jobbar. Men livet er svært tøft her no, prisane går opp, men det gjer ikkje lønningane. Bernadette, som bur åleine, arbeider overtid kvar dag, 13 timars dag, for å få endene til å møtast.

Willy Bhoy, bur saman med søstera si og har det litt betre. Begge er samde om at hadde dei ikkje fått kome til MaMa så hadde dei aldri vore der dei er i dag. Bernadette seier at det var først då ho kom til MaMa at ho skjønna at utdanning var nøkkelen til eit betre liv.

Det er fantastisk å høyra frå desse kva MaMa Children Center of Norway sitt arbeid har betydd for deira sjølvbilde og sjølvrespekt. Begge ville meir enn gjerne takka alle som gjennom gaver til MaMa har gitt dei eit betre liv. Dei takkar og for all forbøn.

Ove Tvedt
Manila, 3. mars 2024



Uskedal kyrkje



Husnes kyrkje



Valen kyrkje



Holmedal kyrkje



Eid kyrkje



Fjelberg kyrkje

Kyrjekalender

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
24.03.	11:00	Husnes kyrkje	Reidar Ådnanes	Kyrkjelydsbladet	Palmesøndag
28.03.	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Stefanusalliansen	Skjærtorsdag, nattverd.
28.03.	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Normisjon	Skjærtorsdag, nattverd.
28.03.	19:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Blå kors	Skjærtorsdag, nattverd.
28.03.	20:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	KRIK	Skjærtorsdag, nattverd.
29.03.	11:00	Holmedal kyrkje	Åse Selsvold	Normisjon	Langfredag
29.03.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Ikkje takkoffer	Langfredag
29.03.	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Bibelselskapet	Langfredag
29.03.	11:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten		Langfredag, nattverd.
29.03.	19:00	Husnes kyrkje		Ikkje takkoffer	Langfredagssamling
31.03.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Det Norske Misjonsselskap	1. Påskedag, nattverd.
31.03.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	KN Changemaker	1. Påskedag, nattverd.
31.03.	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Frelsesarmeen	1. Påskedag, nattverd.
31.03.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	1. Påskedag, nattverd.
31.03.	15:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Misjonsalliansen	1. Påskedag, nattverd.
31.03.	17:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Det Norske Misjonsselskap	1. Påskedag, nattverd.
07.04	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	KFUK-KFUM	
07.04	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Tråvik skule	Nattverd
14.04	11:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarb./Trusopplæring	
14.04	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Diakoniarbeidet i kyrkjelyden	
14.04	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Evangeliesenteret	Nattverd
14.04	18:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Samtalegudsteneste
21.04	11:00	Åkra kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsbladet	
21.04	17:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Frelsesarmeen	Nattverd
21.04	17:30	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Samtalegudsteneste
27.04	11:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmantarbeidet	Konfirmasjon
27.04	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Ma Ma Children	Konfirmasjon
27.04	13:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Ma Ma Children	Konfirmasjon
28.04	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	KFUK-KFUM	Nattverd
28.04	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Brandøy	Konfirmasjon
28.04	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmantarbeidet	Konfirmasjon
28.04	17:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Stefanusalliansen	Nattverd
28.04	17:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmantarbeidet	Samtalegudsteneste
04.05	11:00	Valen kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Ma Ma Children	Konfirmasjon
04.05	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kirkens Bymisjon	Konfirmasjon
04.05	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
04.05	13:00	Valen kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Ma Ma Children	Konfirmasjon
04.05	13:00	Kvinnherad kyrkje		Kirkens Bymisjon	Konfirmasjon
05.05	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
05.05	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Ma Ma Children	Konfirmasjon
05.05	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
09.05	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Framnes VGS	Konfirmasjon
09.05	14:00	Fatland/Gullhaug	Carsten Mrusek	Ikkje takkoffer	Friluftsgudsteneste
09.05	16:00	Kaldestad gml kyrkjestad	Åse Selsvold	Kaldestad bedehus	



Kvinnherad kyrkje



Ænes kyrkje



Åkra kyrkje



Varaldsøy kyrkje



Hatlestrand kyrkje



Ølve kyrkje

Foto av kyrkjene: Gunnar Langeland

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
11.05	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Ma Ma Children	Konfirmasjon
11.05	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
12.05	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Framnes VGS	Konfirmasjon
12.05	15:00	Radiohola	Carsten Mrusek	Ikkje takkoffer	Friluftsgudsteneste
17.05	10:00	Kvinnherad kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Søndagsskolen lokalt	
17.05	10:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeid/Trusopplæring	
17.05	10:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	
17.05	10:30	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	
17.05	11:15	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsarbeidet	
17.05	12:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Varaldsøy bedehus	
17.05	12:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	
18.05	13:00	Vardhaugsetet	Kjersti Boge		Friluftsgudsteneste
19.05	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	LEVE-landsforeningen for etterlatte etter sjølv mord	Nattverd
19.05	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjetil Kringlebotten, Kjersti Boge	Stefanusalliansen	Nattverd
19.05	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Den Norske Israelsmisjon	Nattverd
19.05	14:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Venskapskyrkje på Cuba	Nattverd
20.05	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Misjonsalliansen	Fjelbergstemnet, nattverd
20.05	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Kirkens Bymisjon	Nattverd
20.05	14:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Misjonsalliansen	Fjelbergstemnet
26.05	11:00	Eid kyrkje	Åse Selsvold	Norges Samemisjon	
26.05	17:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Kirkens Bymisjon	
09.06	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
09.06	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Sjømannskyrkja	Nattverd
09.06	17:00	Halsnøy Kloster	Carsten Mrusek	Frelsesarmeen	Friluftsgudsteneste
09.06	17:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Misjonsalliansen	Friluftsgudsteneste
16.06	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Ikkje takkoffer	Nattverd
16.06	11:00	Holmedal gml kyrkjestad	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarb./Trusopplæring	Friluftsgudsteneste
16.06	13:00	Åkra kyrkje/Fatland	Carsten Mrusek		Friluftsgudsteneste
23.06	11:00	Eid kyrkje	Åse Selsvold		Nattverd
23.06	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Stefanusalliansen	Nattverd
23.06	17:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Sjømannskyrkja	Nattverd. Årsmøte etter gudst.
23.06	17:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold		
30.06	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Modum bad	Nattverd
30.06	11:00	Hatlestrand kyrkje	Carsten Mrusek		Nattverd

www.kvinnherad.kyrkja.no

Hald deg oppdatert på gudstenester, konsertar o.l. på www.kvinnherad.kyrkja.no, eller bruk QR-koden:

- Kalender over gudstenester og andre samlingar i kyrkjene i Kvinnherad
- Kontaktskjema der de kan melde inn ynskje om dato for vigsel
- Påmelding til trusopplæringstiltak og innmelding av dåp
- Ulike artiklar om livet i kyrkjelydane
- m.m.



Slekters

01.12.23 - 14.03.24

Eid kyrkje

Dåp

14.01. Carl Sjø
14.01. Håkon Ulvesæter Hvidevold
28.01. Ebbe Kaldestad Sjø
18.02. Arian Erslund Eide

Gravferd/bisetting

15.12. Margrethe Kristin Klepsvik Sjø..... f. 1960
11.01. Ivar Olai Lie..... f. 1933
26.01. Arne Almås..... f. 1938
29.02. Osvald Emil Sjø..... f. 1937

Fjelberg Kyrkje

Inga hendingar i perioden

Husnes Kyrkje

Dåp

07.01. Laura Ekland Myklebust
07.01. Iver Furdal Vågen
07.01. Ulrik Nordnes Blokhus
07.01. Aria Teigen Kaldestad
04.02. Amund Lomeland Gausvik
04.02. Elina Ølmheim Røyrvik
04.02. Anna Torkildsen
04.02. Birk Haktorsen Eik
04.02. Athena Kabbe Hauge
03.03. Sander Veastad Bernhardsen

Gravferd/ bisetting

13.12. Annbjørg Røssland..... f. 1938
14.12. Sverre Osvald Ertsland..... f. 1936
15.12. Bernt Kaldestad..... f. 1922
10.01. Ragnhild Rydheim..... f. 1943
16.01. Rune Grundberg..... f. 1960
19.01. Nils Selmer Draugsvoll..... f. 1955
13.02. Svein Arnt Rogstad..... f. 1947
21.02. Oddbjørg Jofrid Høsbakk..... f. 1964
27.02. Olav Sigbjørn Melstveit..... f. 1936
05.03. Aud Solberg Hansen..... f. 1953

Holmedal kyrkje

Dåp

10.12. Othelie Abrahamsen Heimvik
10.12. Othelie Holmedal Eidsvik
10.12. Emil Haugland Røssland

Gravferd/bisetting

09.01. Marianne Erslund..... f. 1964
01.02. Nils Asbjørn Erslund..... f. 1947

Valen Kyrkje

Dåp

11.02. Casper Hegland-Opsanger
10.03. Olivia Haugland Mjølkeråen
10.03. Mali Totland Jensen
10.03. Olivia Anna Lindseth
10.03. Bella Handeland Gamst

Gravferd/bisetting

08.02. Turid Marie Røssland..... f. 1937
20.02. Jorunn Seljestad..... f. 1943
13.03. Jan Eik..... f. 1951

Kvinnherad Kyrkje

Dåp

03.12. Hermine Louise Nilsen Gulbrandsen
14.01. Laura Hjelmeland
28.01. Lucas Juus Naterstad
11.02. Tuva Indergård Sandvik
11.02. Johan Myklebust Hjelmeland
10.03. Karoline Tveito
10.03. Snorre Sundal

Gravferd/bisetting

01.12. Tormod Elias Lande Eikeland..... f. 2008
05.12. Borgny Klette Hus..... f. 1932
20.12. Svein Erik Sandvik..... f. 1942
29.12. Ove Sæbøe..... f. 1945
19.01. Håkon Uppheim..... f. 1948

Boka om kyrkjene på Varaldsøy kan bestillast hos

Ingvild Sandvik, tlf.: 986 93 539

Ein kan betala med:
Vipps til nr. 647433 eller til
kontonummer 3460 07 54531

Hugs å merka betalinga med namn og «Kyrkjebok».

Kr. 200,-



KYRKJENE PÅ
VARALDSØY

Gjell-Sandvik



Uskedal Kyrkje

Dåp

25.02. Anna Ellinor Löfgren Johansen

25.02. Hedvig Rørdal Haugland

Gravferd/bisetting

01.12. Kari Hermansen f. 1925

03.01. Trygve Sigvald Haugland f. 1928

09.02. Gunnar Kjærland f. 1923

Hatlestrand Kyrkje

Inga hendingar i perioden

Varaldsøy Kyrkje

Gravferd/bisetting

14.02. Paul Nedrevåge f. 1948

08.03. Vigdis Mjelde f. 1948

Ænes Kyrkje

Gravferd/bisetting

21.12. Anne-Karin Bjørke

Skruckefyllahaugen Flatebø f. 1954

Ølve Kyrkje

Inga hendingar i perioden

Åkra kyrkje

Dåp

10.12. Erling Bakka Tvihaug

11.02. Oline Netland Dahle

11.02. Jenny Jegteberg-Reistad

Gravferd/bisetting

16.02. Evelyn Vågen f. 1938

Dåpskjolar og anna utstyr til utlån



Ikkje alle har ein dåpskjole tilgjengeleg. Det er heller ikkje eit plagg som vert nytta så ofte. I Kvinnherad har vi to dåpskjolar som kan lånast gratis i samband med barnedåp. Den eine heng i Kvinnherad kyrkje og den andre heng på kontoret på Valen, men begge kan sjølvstøtt lånast og nyttast i alle kyrkjene våre. Marit E Totland har hekla den eine, medan den andre er kjøpt. Ta gjerne kontakt med oss på kyrkje-kontoret så kan de få sjå og prøva dåpskjolane.

Kyrkja har og lysestakar og anna til utlån i samband med gravferder. Spør gjerne etter, så hjelper vi deg.

Tlf.: 90 53 19 10

E-post: post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no





Tlf.: 53 48 00 00

Mail: post@oybygg.com

teca®

Alt teknisk gjort enkelt for deg!

HUSNES MØBEL

EIN NATURLEG DEL AV HEIMEN



Lonavegen 15 - 5460 Husnes Tlf. 53 47 81 91
annemariesblomster.no



TRONDS

MARINE SERVICE

SYNSTEST BRILLER LINSER DIGITAL AUGELEGE

prima OPTIKK

45850341 2. etg, Varehuset Rosendal



www.pizzabakeren.no
Tlf: 53 47 22 13

PIZZABAKEREN™

HUSNES

joker

ØLVE

Hardanger & Kvinnherad
GRAVFERDSBYRÅ

Døgnvakt: 53 48 00 33 - Mail: post@hk-byraa.no

S&S

SAU & SÅNT

- Graving
- Transport
- Natursteinsmur
- Kulestein

90 40 29 39

Mail: sogs@knett.no



GJE VATN TIL DEI SOM TRENG DET MEST

VIPPS til 2426

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 2022
fasteaksjonen.no

Har du ikkje fått gitt di gåve til årets Fasteaksjon? - Du kan framleis gje på Vipps!



www.facebook.com/kyrkjakvinnherad

YOU WHO

Du finn oss i 2. etg
i Husnes Storsenter



HMR

www.hmr.no



Halsnøy Trelast as

Åpningstider:

Mandag - Fredag: 9:00 - 16:30
Lørdag: 9:00 - 14:00

Telefon: 53 47 30 10
E-post: butikk@htrelast.no

www.htrelast.no



Husnes Tannlegesenter

Månd. - fred.: 08.00-16.00
Tlf. 53 47 70 00

BYGGER'N

TEIGEN



Vi lager alle typer paller
på bestilling.

VAR DU KLAR OVER?

At Sandvoll Handel har eige
sagbruk, me skjer eige tømmer,
men driv og med leigeskjæring.

Sandvoll Handel

www.byggfag.no ☎ 53 47 05 00 post@sandvollhandel.no

DIN LOKALE BILFORHANDLER I KVINNHERAD!

Rødsten Bilforretning

post@srbil.no

www.srbil.no



SUBARU

Over 40 år
med bil



Denne annonse-plassen kan verta din!
Ta kontakt med Jan-Ove Fagerheim!
jan.ove.fagerheim@kvinherad.kommune.no
Mobil: 913 45 042

Støtt annonsørane våre! - dei støttar oss!



Du kan gjerne gje
ei gåve til bladet på

Vipps

Vipps-nummer: 537407

Påske-tilbud

KVINNHERADSPELET

NÅ: Kr. 150,-

Ordinær pris: 499,-

TILBUD!

Kr. 100,- pr spel
ved kjøp av 3 stk
eller meir.

Ta kontakt: jan.ove.fagerheim@kvinherad.kommune.no - 91345042 - www.facebook.com/kvinheradspelet

Han er oppstanden, Halleluja!

Bernhard Kyamanywa (blir uttalt Kiamánua) blei fødd i 1938 og var prest i den evangelisk-lutherske kyrkja i Tanzania. Han var foreldrelaus og blei oppdregen av ei diakonisse frå den tyske Bethel-misjonen. Først tenkte han å bli lærar, men begynte på det lutherske presteseminaret og blei prest i 1969. Denne salmen skreiv han medan han var teologistudent.

Originalteksten er på swahili. Melodien kjem også frå Tanzania. Den har oppstått i kristne miljø i landet og høyrer ut som ein engelsk evangeliesong. I Tanzania blir versa sungne av ein forsongar. Alle syng med på koret, då gjerne firstemt. Denne salmen er blitt ein av dei mest populære afrikanske salmane internasjonalt.

Den norske omsetjinga er av Anne M. Brodal. Ho baserte seg på den engelske og tyske teksten. Vi møter salmen for første gong i Norsk salmebok frå 1985. I noverande salmebok frå 2013, finn vi han på nr. 204. Denne salmen er lett å syngja, og høyrer no til ein av dei mest populære påskesalmane.

Reidar

Han er oppstanden, Halleluja!

T: Bernhard Kyamanywa, 1966

O: Anne M. Brodal, 1979

Melodi frå Tanzania

Han er oppstanden, halleluja!
Lov ham og pris ham! Halleluja!
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.
Han har beseiret mørke og død.

Lov ham og pris ham,
vår Frelser og venn.
Han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!

Tre dagers dødens fange han var,
før han stod opp og seiren var klar.
Tvers gjennom gravens
stengsel han gikk.
Frelse og fred ved Jesus vi fikk.

Ref.

Engelsen ropte: Frykt ikke mer!
Han som du søker, er ikke her.
Se der er stedet hvor han ble lagt.
Han har stått opp - som selv
han har sagt.

Ref.

Gå å fortell at tom er hans grav.
Livet han vant, da livet han gav.
Gav det for oss og kjøpte oss fri.
Frelse og fred han alle vil gi.

Ref.